



Gil spelar saman med Pat Savage i Dønhaugkjedlaren- (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag 25. september vert det gjenhøyr med den amerikansk-fødde artisten, GIL EDWARDS i Dønhaugkjedlaren

Gil har vitja Dønhaug fleire gongertidlegare , og han har såleis fått mange tilhengarar her i kommunen.

Han er ein fantastisk musikar og ein artist utanom det vanlege. Han kjem opphaveleg frå Oregon i USA, men har no slått seg ned i Ålesund-distriktet. Gil har gitt ut fleire CD-ar i fleire land, og er i dag ein av dei mest ettertrakta og best betalte trubadurar i Norge.

Musikken til Gil Edwards spenner over eit vidt spekter, alt frå country/roots, til blues, rock, m.m. Han presenterar både eigne låtar og cover-låtar frå andre artistar. Gil kan spela det meste, og er difor open for å oppfylle musikk-ynskjer frå gjestene.

Gil Edwards er kjend for å skapa utruleg god stemning der han opptrer, og er ein artist som ein absolutt må opplevast"live".

Det vert sal av billetter i døra, og gjester kan reservera plass på førehand.

Etter arrangementet går det buss frå Uskedalen sentrum kl 01.15 til Husnes og Utåker.

Magne Huglen